



MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
i
ROGALAND
1982

(Nesvann)

Namnet på vatnet Nesstølvatnet - Vassbotn

Kommune Sulda / Hjemland

Markarbeidet, arbeid med materialet og skriving
av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap
v/ Einar Berg etter retningsliner frå, og i nært
samarbeid med, Konsulenten for ferskvannsfiske i
Vest-Norge - Øyvind Vasshaug.

N E S S T Ø L V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 15. sept, 1982.

Nesstølvatnet vart for fyrste gong analysert hausten 1968 og konklusjonen den gongen var, at vatnet måtte karakteriserast som næringsfattig og det vart tilrådd utfisking.

Under prøvefisket denne gongen, vart pH målt til 5,2 som er brukande, men likevel i suraste laget for yngel og rogn. pH prøven i 1968 synte 6,0 så det har skjedd ei vesentleg for-
suring i desse 14 åra.

Innhaldet av kalsium Ca/l vart målt til 1,30 mg/l og den totale hardheita CaO/l til 1,65 mg/l. Vatnet er såleis mykje kalkfattig og pH utsett for store svingningar gjennom året.

Elektrisk leiingsemne uS/cm vart målt til 16,3.

Siktedjupet var omlag 6,0 m og fargen på vatnet brunleg-gul som indikerar påverknad av humus (myr).

Planktonprøver.

Det vart teke eit horisontalttrekk på ca. 50 m, med planktonhov, og resultatet var ein mykje fattig prøve.


Nageprøver.

For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foreteken, tok vi nageprøver av 4 fiskar. Her vart det funne fjørmygglarver og pupper, vasskalvlarver, ertemusling, planterestar, luftinsekter og div. plankton (gele-
kreps, holoped, gibb.)

Fisk m.v.

Auren er einerådande i vatnet.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik i den nord-austre delen av vatnet og resultatet etter 1 fangstnatt vart 31 aurar. Fordeler vi fangsten på garnomfara, og vidare på cm-klassar, vil dette gå fram av dei grafiske framsyningane på neste side.




Det vart teke prøver av alle dei fanga fiskane og av desse var 21 kvite og 10 lys raude i fiskekjøttet. 5 av fiskane var svakt angripne av parasittar. Vidare var det 16 hanfiskar og 15 hofiskar. 15 av fiskane var gytefisk - resten gjeldfisk. Medelvekta av alle fiskane var 128 gram. Den største fisken vi fekk var 195 gram og 27 cm.

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

Alder ved vinter

	1år	2år	3år	4år	5år	6år
Medellengde i cm	4,7	10,1	15,0	20,2	23,7	25,9
Årleg lengdetilv. i cm	4,7	5,3	4,9	5,2	3,5	2,2
Antall fiskar	31	31	31	31	21	5

Medel kondisjonsfaktor 0,88 tilseier mager, langstrakt fisk.



Vi har ovenfor sett opp ein vekstkurve for auren i Nesstølvatnet og samanlikna med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år).

Som vi her vil sjå, syner fisken i Nesstølvatnet ein fullt ut normal lengdetilvekst like fram til 4-5 års alder.

Fisken går mot ei maksimal lengd på snaut 30 cm, men det vil berre vera få fiskar som når opp i denne storleiken.

Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriserast som næringsfattig og surt, og med eit fiskebestand i overkant av vatnet si bæreemne.

Dei kjemiske tilheva har forverra seg mykje sidan analysen i 1968 og vatnet er nå så surt at ein nærmar seg faregrensa for rong og yngel.

Fiskeprøven syner fisk av ymse årgangar og storleikar og lengdetilveksten er god. Kondisjonsfaktoren derimot er dårleg og tilseier mager fisk. Om tilheva var gode, ville denne ha vore på 1,0 eller meir. Det er såleis i minste laget med mat for den større fisken.

Gytetilheva er gode og vil normalt kunne sikre ei tilfredsstillande rekruttering.

Praktiske tiltak.

Vatnet er i dag overbefolka, så det naturlege ville ha vore og foreslått utfisking, men all det tid vatnet er såpass surt er det grunn til å tru at tilgangen på yngel vil minka år for år. Grensa for formering reknar ein ligg på pH 4,9 og Nesstølvatnet kan nok til sine tider vera i nærleiken av dette.

Ved å ta ein tur langs gytebekkene på ettersumaren vil ein kunna sjå om det er yngel og småfisk på bekkene. Så lenge ein ser småfisk er rekrutteringa i orden, men om yngel og småfisk blir borte frå gytebekkene er det fåre på ferde. Den fisken som er i vatnet vil i slike høve bli stor og fin.

Som kjent er det den sure nedboren som forårsakar surheita, og då nedslagsfeltet ikke er i stand til å nøytralisere dette, går det ofte slik at vatna blir fisketome. Det er førebels lite ein kan gjera med dette, så ein får berre vone på at internasjonale avtaler vil kunne minske luftforureininga, slik at det på ny kan bli levelege tilheve for fisken i mange vatn.

Stavanger 21/9 1983

Einar Berg